



KVINNHERAD
K O M M U N E



Reglar og rutinar i symjebassenga i og utanfor skuletida

Innhald

1.	Innleiing.....	3
1.1.	Heimel.....	3
1.2.	Informasjon og oppslag	4
2.	Hovudretningsliner	4
2.1.	Personell	5
2.2.	Opplæring	5
2.2.1.	Livbergingskurs	6
2.2.2.	Kurs/kompetanseheving.....	6
2.2.3.	Eigentrening.....	7
2.3	Udstyr i symjehallen	7
2.4	Tal personar i bassenga	7
3	Symjeopplæring	8
3.1	Kva skal elevane læra?.....	8
3.2	Obligatorisk dugleiksprøve	9
3.3	Opplæring i variert vassmiljø.....	9
3.4	Kven er ansvarleg for at eleven vert symjedyktig?.....	9
4	Reglar og rutinar ved ulukker.....	10
4.1	Alarmplan	10
4.2	Varslingsprosedyrar.....	11
4.3	Oppfølging ved ulykker.....	12
4.4	Tryggingsreglar	13
5	Ordensreglar	14
5.1	Ordensreglar for symjebassenga.....	14
5.2	Ordensreglar for elevane i skuletida	15
6	Instruksar	16
6.1	Rektor/Sektor teknikk og miljø.....	16
6.2	Hovudinstruktør	16
6.3	Instruktør.....	17
6.4	Badevakt.....	18
6.5	Bassengbetjent.....	19
7	Drift av symjebassenga	19
7.1	Teknisk drift	19
7.2	Retningslinjer for administrasjon av bassenga.....	20
7.3	Ved utleige av bassenga	20

1. Innleiing

I Kvinnherad kommune har me fire symjebasseng. Bassenga er å finna ved Hatlestrand skule, Rosendal ungdomsskule, Undarheim skule og Øyatun skule. Reglementet gjeld for desse fire symjebassenga i kommunen.

Kvinnherad kommune har klare krav til bassengskulane og leidgetakarar. Formålet med reglane og rutinane er å gjera tryggleiken ved bassenga god både i og utanfor skuletida, slik at risikoen for ulykker og andre farlege episodar, til ei kvar tid skal vera så litra som mogeleg. Alle som er ansvarlege for bruk av bassenga pliktar å syta for at reglane og rutinane blir følgde.

Rektor ved den einskilde bassengskule har fått delegert ansvaret for den daglege drifta av bassenga, rutinar for internkontroll, tilsettingar og utleige av kommunen.

1.1. Heimel

Forskrift i Opplæringslova kap.12: Tryggleik for elevane, §12-1 a og b

- a) *Når skolen er ansvarleg for tryggleiken til elevane, må tilsynet i praksis være forsvarlig i forhold til risikoen for at skade eller ulykke kan skje.*
- b) *I situasjonar der skolen er ansvarleg for symjing og bading i grunnskolen, skal det alltid vere ein tilsynsansvarleg, vaksen person til stades. Dersom den gruppa skolen har ansvaret for, overstig 15, skal tilsynet aukast med ein vaksen tilsynsperson for kvar påbegynt gruppe på 15. Dei som fører tilsyn, må vere flinke til å symje og dykke, og må kunne livredning. Tilsynet må aukast ytterlegare når omsynet til tryggleik gjer det nødvendig.*

Det er skuleeigar, dvs. kommunen som er ansvarleg for at opplæringa er i tråd med krava over. Dette ansvaret er beskrive i forskrift til opplæringsloven § 12-1, og opplæringsloven § 13-10.

For ei grundigare innføring om ei forsvarleg symje- og livbergingsopplæring anbefaler me [Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv](#). Dette rundskrivet omhandlar sider kring sikkerheit ved symje- og livredningsopplæring og bading. Formålet med rundskrivet er å gi skuleeigar og skular rettleiing i kva som ligg i kravet i §12-1 i forskrift til opplæringslova. Me vil og syna til nettsida [svømmedyktig.no](#) og [Esvom.no](#). Dette er nettsider for dei som underviser i symjing og livberging i grunnskulen, og som har ansvaret for ei forsvarleg, trygg og god opplæring.

- ✓ [Forsvarlig svømme- og livredningsopplæring i grunnskoleopplæringen Udir-1-2008, \(revidert 2015\)](#)
- ✓ <https://svømmedyktig.no/>
- ✓ <http://esvom.no/>



[Svømmedyktig.no](#) - Illustratør: Thomas Madsen

1.2. Informasjon og oppslag

Reglar og rutinar i symjebassenga skal vera lett tilgjengeleg for alle som underviser, leiar eller har tilsyn med aktivitetar i symjebassenga. For leiar og tilsette, og andre arbeidstakrar i kommunen, ligg reglementet på [Compilo](#) (Skule-felles). Leiar og tilsette må årleg repetera reglementet før symjeoplæring. Ande brukarar og leidgetakrarar må få tilsendt eit elektronisk eksemplar når dei inngår leigeavtale, og er plikta til å setja seg godt inn i reglar og rutinar. Ved alle bassenga skal det liggja eit eksemplar godt synleg og tilgjengeleg for dei som nyttar bassenget.

I alle bassenga skal desse oppslaga vera oppdaterte og godt synleg plassert:

- ✓ ALARMPLAN
- ✓ ORDENS-OG TRYGGINGSREGLANE
- ✓ INSTRUKS FOR BRUK AV TELEFON VED ULUKKER

Rektor har ansvar for at dette er på plass, og at dei det gjeld har fått relevant informasjon.

For innbyggjarane i kommunen ligg reglementet på kommunen si heimeside under *Symjehallar*.

2. Hovudretningsliner

Følgjande retningsliner er grunnlag og norm for all aktivitet ved symjebassenga i kommunen.

Rektor ved bassengskulen er delegert all mynde og har ansvar for:

- ✓ Alle tilsette synar politiattest
- ✓ At alle tilsette i bassenget har fått kurs i samsvar med pkt.2.2
- ✓ At opplæringa er i samsvar med kap. 3
- ✓ Oppslag i basseng og informasjon til tilsette
- ✓ Opningstider for kvart basseng og fordeling mellom krinsskulane
- ✓ Innkjøp av nødvendig utstyr til bassenga
- ✓ Melder avvik på basseng og bygg til Sektor teknikk og miljø

2.1. Personell

Rektor tilset det personell som er naudsynt for at krava til tryggleik kan oppfyllast.

Tilsette som fører tilsyn (badevakt, assistent, instruktør/hovudinstruktør) må vera god til å symje og dykke, og må kunne utføre livredning. Tilsynet bør kunne dykke ned til bunnen på den djupaste delen av bassenget og kunne hente opp ein ting/dukke som samsvarar med størrelse og tyngde på ein elev. Tilsynet må også beherska hjarte-lunge-redning (HLR), og ha kjennskap til alarmplanen og innhaldet i denne planen. Den som har tilsyn må ha fylt 18 år.

Krav til bemanning i symjebassenga:

- ✓ Ved offentleg bading utanom skuletida:
 - badevakt og badebetjent
- ✓ I skuletida ved undervisning:
 - badevakt (tilsynsperson),
 - 5.-10.trinn: minst ein instruktør (symjelærar) pr. 15 elevar
 - 1.-4.trinn: ein instruktør som kjenner elevane pr. 15 elevar + hovudinstruktør
 - Tilsynet må aukast ytterlegare når omsynet til tryggleik gjer det nødvendig.
- ✓ Ved utleige: bassengrektor skal sjå til at leidgetakarane har nødvendig bemanning og kompetanse

Tilsynet må aukast ytterlegare når omsynet til tryggleik gjer det nødvendig. Det kan vera elevar som treng særskilt tilrettelegging og ekstra tilsyn, eksempelvis elevar med epilepsi/diabetes, nedsett funksjonsevne, elevar som synar utagerande åtferd, elevar som er utsatt for vann eller elevar som det av andre grunnar må taskast særlege onsyn til. Dersom det er informasjon kring enkeltelevar som badevaktane må ha kjennskap til for å kunne i vare ta sikkerheita, må det innhentast samtykke frå foreldra til å dela informasjon før symjeopplæringa.

2.2. Opplæring

Det er rektor sitt ansvar å sjå til at dei tilsette til ein kvar tid har rett og nok kompetanse. Rektor skal i samarbeid med skuleeigar gje tilbod om kurs til alle som leiar, underviser eller har tilsyn med aktivitetane i symjebassenga i skuletida, og for dei som gjer teneste som badevakt og badebetjent utanom skuletida. Opplæringa av personell vil vera avhengig av den einskilde sin funksjon ved bassenga, og skal vera som følgjer:

Badevakt:

- ✓ Godkjent badevaktkurs
- ✓ Kurs for badevaktar kvart andre år
- ✓ Årleg livbergingskurs med Hjarte- og lungeredning (HLR) og praktisk prøve i bassenget

Hovudinstruktør, Instruktør og badebetjent:

- ✓ Årleg livbergingskurs med Hjarte- og lungeredning (HLR) og praktisk prøve i bassenget

2.2.1. Livbergingskurs

Alle som leiar, underviser eller har tilsyn med aktivitetar i bassenga skal kvart år delta på det årlege livbergingskurset. Kurset bør takast ved det bassenget ein høyrer til. Kurset har ei ramme på 3 t og ei grense på maksimum 15 personar. Påmelding skjer gjennom leiar på skulen, og er bindande. Dersom du ikkje har høve til å delta må du sjølv kontakta kurshaldar og meldt avbod. Du må og kontakta skuleigar v/ skulefagleg rådgjevar så andre kan få tilbod om din plass.

- ✓ Praktisk test av symjedugleik, hjarte- lungeredning og alarmplan. Teori knytt til desse tema
- ✓ Gjennomføre hjarte- og lungeredning på dukke.
- ✓ Symje 25 meter med påfølgande dykking og opphenting av gjenstand frå den djupaste delen av bassenget
- ✓ Med ein person (redningssituasjon): Symje 25m, føra i land og ta opp av bassenget på ein sikker måte
- ✓ Relevante tema frå ”Reglar og rutinar i symjebassenga”
- ✓ Gjennomføra øving etter ALARMPPLANEN med drukning/skade.

Det er viktig at dei som skal samarbeide ved ei ulukke deltek på same kurset, og at dei får ein realistisk test av alarmplanen. Difor skal det alltid vere badevakt med på alle livredningskurs.

2.2.2. Kurs/kompetanseheving

Badevaktar, badebetjentar og hovudinstruktørar kan få tilbod om kurs når rektor/kommunen ser dette som naudsynt/ynskjeleg med fokus på å oppretthalda god kompetanse hos dei tilsette.

2.2.3. Eigentrening

Tilsette som fungerer som badevakt og hovudinstruktør skal drive eigentrening ein time for veka. Eigentreninga skal dokumenterast i eige skjema for bassengrektor.

2.3 Utstyr i symjehallen

Ved alle symjebassenga skal følgjande utstyr til ei kvar tid vera til stades:

- ✓ **Medisinsk utstyr:** pocketmaske, baxtrapbåre og førstehjelpskoffert
- ✓ **Nødutstyr:** trådlaus telefon eller mobiltelefon med høgtalarfunksjon
- ✓ **Merking:** oppslagstavle med *Ordensreglar* og *Alarmplan* og skilt for merking av utgang
- ✓ **Anna:**
"Reglar og rutinar i symjebassenga"
Baneskiljar/bassengskiljar
Treningsdokke for trening på hjarte-lungeredning og livberging i basseng
Utstyr til symjeopplæringa

2.4 Tal personar i bassenga

Med grunnlag i tryggleik og storleik på bassenga, kan det vera inntil:

- ✓ 30 personar i bassenget ved Underheim skule
- ✓ 20 personar i bassenget ved Hatlestrand skule
- ✓ 20 personar i bassenget ved Rosendal ungdomsskule
- ✓ 20 personar i bassenget ved Øyatun skule

For elevar på 1. - 4.trinn i skuletida:

- ✓ 22 elevar i bassenget ved Underheim skule
- ✓ 15 elevar i bassenget ved Hatlestrand skule
- ✓ 15 elevar i bassenget ved Rosendal ungdomsskule
- ✓ 15 elevar i bassenget ved Øyatun skule

3 Symjeopplæring

All symjeopplæring/undervisning skal vera leia av instruktør. Dersom det er fleire instruktørar til stades, må det vera klargjort kven som har det pedagogiske ansvaret. Det skal alltid vera ein badevakt til stades som har kontinuerleg tilsyn med elevane og med overflata og botnen av bassenget. Tilsynet må aukast ytterlegare når omsynet til tryggleik gjer det nødvendig jf. kap. 2.1.

Opplæring for 1. – 4. klasse bør organiserast i konsentrerte kurs, minst 12 timer 1– 2 gonger pr. veke, og bassenget bør vera delt med bassengskiljar.

Opplæringa må organiserast slik at alle elevane får høve til å læra dei symje- og livbergingsaktivitetane som er sett opp i læreplanen for kroppsøving. Alle elvar har rett på undervegsverdning, og dei fire prinsippa i VFL skal ligga til grunn for opplæringa.

3.1 Kva skal elevane læra?

Kompetansemål for symjing og livredning er nedfelt i læreplan for kroppsøvingsfaget og er spesifisert etter 4.-, 7.- og 10. trinn. Målet er at elevane vert trygge i, ved og på vatn, symjedyktige og i stand til å berge både seg sjølv og andre.

Kompetansemåla syner ein progresjon frå å vera vasstilvent til å kunne symja med varierte teknikkar, over og under vatn. Dei syner også progresjon frå å kunne tilkalla hjelp, berge seg sjølv og til å kunna utføre livredning i vatn. Kompetansemåla vektlegg også eleven si forståing og evne til refleksjon og tenking, gjennom forklaringar og risiko- og sikkerheitsverdningars.

4. trinn

- Leika og utføra grunnleggjande øvingar med vasstilvenning som å dykka, flyta, gli, skapa framdrift, hoppa uti og orientere seg i vatn
- Vera svømmedyktig ved å falla uti på djupt vatn, symja 100 meter på magen, og undervegs dykka ned og henta ein gjenstand med hendene, stoppa og kvila i 3 minuttar (imens flyte på magen, orientere seg, rulle over, flyte på rygg); så svømme 100 meter på rygg og ta seg opp på land
- Ferdast trygt i, ved og på vatn og gjera greie for farane, og tilkalle hjelp

7. trinn

- Utføra grunnleggjande teknikkar i symjing på magen, på ryggen, på sida, under vatn, og kunne berge seg sjølv i vatn
- Praktisera trygg ferdsel og gjere risiko- og tryggleiksvurderingar i, ved og på vatn under varierte værforhold

10. trinn

- Utføra varierte og effektive symjeteknikkar over og under vatn
- Symja ein lengre distanse basert på eiga målsetjing
- Forklara og utføra livberging i vatn
- Forklara og utføra livbergande førstehjelp

Læreplan for kroppsøving (Udir)

<http://esvom.no/>

Rundskriv symje- og livredningsopplæring

Støttemateriell symje- og livredningsopplæring

3.2 Obligatorisk dugleksprøve

Obligatorisk dugleksprøve i symjing gjeld frå hausten 2017. Den består av sju øvingar som eleven skal gjennom- og meistra- innan utgongen av 4.trinn.

Dugleksprøva skal hjelpe instruktør/hovudinstruktør å vurdera eleven på vegen mot å bli symjedyktig. Kompetansemålet som definerer kva ein symjedyktig elev skal meistra, er den 7. øvinga.

Det er viktig at øvingane i dugleksprøva vert sett inn i eit pedagogisk opplegg som går over tid og med ein viss progresjon. Øvingane skal ikkje samlast i ein «prøve» som elevane må gjennomføra på slutten av 4.trinn, men organiserast etter dei fire prinsippa i VFL.

Hovudinstruktør skal ha tilgang på ein Ipad og føra undervegsvurderingar i Svømmekartleggeren i Engage.

Svømmekartleggeren i Conexus Engage

Korleis gjennomføra obligatorisk dugleksprøve i symjing?

Svommedyktig.no – Obligatorisk ferdighetsprøve

3.3 Opplæring i variert vassmiljø

Symje- og livredningsopplæring kan gå føre seg i eit basseng, ute i sjø og vatn, ved strandline, elv eller ei langgrunne. Bruk av varierte vassmiljø er knytt opp mot formålet med symje og livbergingsopplæringa i skulen og kompetanse eleven skal tileigna seg gjennom opplæringa.

Å vera symjedyktig i ein reell situasjon ute stiller andre krav til eleven enn det å vera symjedyktig i eit basseng. Det er difor naturleg at delar av vasstilvenning- symje-, sjølvberging-, og livbergingsopplæringa går føre seg ute i nærmiljøet der elevane til vanleg ferdast eller driv med bading om sommaren.

3.4 Kven er ansvarleg for at eleven vert symjedyktig?

Skulen er plikta til å gjera eleven symjedyktig og at eleven når kompetansemåla for symjing og livredning. Opplæringa bør skje i eit samspel mellom skule og foreldra/føresette. Foreldra/føresette har og eit ansvar for at barnet vert stimulert til utvikling og læring, og heimen kan leggja eit godt grunnlag for ei vellukka symje og livredningsopplæring i skulen.

Svommedyktig.no – Kven er ansvarleg

Tips til kva du som lærar kan oppmoda foreldre/føresette til å bidra med i symjeopplæringa

Infoskriv til foreldre/føresette

4 Reglar og rutinar ved ulukker

10

Ved ulykker skal badevaka leia redningsaksjonen til kvalifisert helsepersonell tek over. Alle som underviser, leiar eller har tilsyn med aktivitetar i symjebassenget pliktar å læra alarmplanen.

4.1 Alarmplan

1 Den som først oppdagar at noko er gale, varslar ved å ropa/bruka fløyte.	Badevakt tek straks rolla som leiar av redningsaksjonen
2 Sikra situasjonen	Andre som har tilsyn får alle elevar/andre badande opp av bassenget. Ikke send elevane åleine i garderoben.
2 Få oversikt Velg raskaste og sikraste redning Få eleven/personen på land	Den som er nærest den forulukka hoppar straks uti bassenget og fører den forulukka til nærmaste bassengkant.
	Er det mistanke om nakke/ryggskade, skal ein nytte redningsbåra.
4 Set straks i gang med undersøking av den forulukka. Dersom han pustar :	Legg han i stabilt leie .
Dersom den forulukka ikkje pustar :	Set straks i gang Hjarte-lungeredning .
5 Ring 113: -oppgi namnet ditt -forklar kort kva som er skjedd -sei kor du er (geografisk namn -namn på skulen – basseng)	Alarmsentralen held linja til lege/ambulanse er på staden.
6 Ta med telefon og evt. medisinsk utstyr til der den forulukka ligg, set telefonen på høgtalar og hjelp til med HLR.	Alarmsentralen gir rettleiing undervegs.
8 Varsla bassengskulen for assistanse om mogeleg (i skuletida)	
9 Opna dører og ta i mot helsepersonell.	Sørg for at ein person tek i mot ambulansepersonell og visar raskaste veg til ulykkested.
10 Varsla bassengrektor om ulukka.	Rektor skal varsle foreldre
11 Den ansvarlege for timen skriv rapport om ulykka	

4.2 Varslingsprosedyrar

Prosedyrane gjeld for elevar i skuletida, offentleg bading og ved utelege av bassenget. Varslingsprosedyrane trer i kraft ved ulukker som krev hjelp utanfrå (113)

Rektor ved bassengskulen må få melding om ulukka, og har ansvar for at desse blir varsle:

- ✓ Føresette
- ✓ Kommunedirektør
- ✓ Evt.rektor på eleven sin heimeskule
- ✓ Kommunen si "krisegruppe" v/ Leif Kongestøl
- ✓ Verneombodet
- ✓ Ved alvorlege ulukker må ein melde frå til politiet.

Kommunedirektøren har ansvar for at desse blir varsle:

- ✓ Sektor oppvekst v/ Anne Sofie B Kjeka
- ✓ HR-rådgivar
- ✓ HMT-ansvarleg
- ✓ Ansvarleg for symjebasseng og livredningsprøva
- ✓ Miljøretta Helsevern
- ✓ Hovudverneombodet

4.3 Oppfølging ved ulykker

12

I skuletida:

Det er rektor ved bassengskulen som har ansvar for bassenget, og som set i gang prosedyrane.

Så snart som råd etter ulukka har bassengrektor ansvar for at det aktuelle bassengpersonalet blir samla til samtale og oppfølging. Dei tilsette må frigjerast frå undervisning og bassenget bør ev. stengast etter ulukka.

Bassengrektor ser til at det blir tatt telefonkontakt heim om kvelden til føresette og til dei som var involvert i ulukka.

Eit par dagar etter ulukka blir det involverte bassengpersonalet, bassengrektor og ev. rektor på eleven si heimeskule samla til gjennomgang av ulukka i lag med ein frå kommunen si "krisegruppe" og skulefaglegrådgivar.

Medelevar/elevar på skulen der eleven går, må informerast og ev. få oppfølging i etterkant. Dette har elevane sin rektor ansvar for.

Utanom skuletid:

Ved offentleg bading og ved utleige er det badevakta/ansvarleg for aktiviteten som gir melding til bassengrektor/Kommunedirektør om ulukka. Dei vidare prosedyrane tek bassengrektor seg av, og vil vere mykje likt prosedyrane som er nemnt over.

Det er berre Kommunedirektør eller bassengrektor som uttalar seg til media i samband med ulukka. Badevakta har ansvar for at det blir skrive rapport om ulukka til Kommunedirektøren.

4.4 Tryggingsreglar

13

Felles:

- ✓ Alle dører til bassenget skal vera låste før og etter timen/badinga
- ✓ Badevakta og instruktøren skal vera på plass ved bassenget før undervisninga/badinga byrjar.
- ✓ Badevakta og instruktøren skal halda kontinuerleg tilsyn med aktiviteten i bassenget.
- ✓ Bruk av musikk i bassenget må avklarast med rektor
- ✓ Ingen av dei vaksne som innehavar ansvar/fører tilsyn skal nytta mobil i symjebassenget med mindre det er ei ulykke

I skuletida:

- ✓ Elevar i 1.– 4.klasse skal tryggast særleg. I symjeopplæringa på desse klassetrinna, bør den djupaste delen av bassenget sperrast av med bassengskiljar.
- ✓ Organisering av aktivitetane i bassenget må vere tryggleiksmessig forsvarleg og vil avhenge av tal elevar i bassenget, elevane sin symjedugleik, tal instruktørar til stades, grad av kontroll ein har på elevgruppa og kor mange elevar som treng ekstra tilsyn/oppfølging.
- ✓ Lærar/assistent som har ekstra tilsyn/oppfølging av enkeltelevar bør ikkje delta i andre aktivitetar.

5 Ordensreglar

5.1 Ordensreglar for symjebassenga

- ✓ Er du under 12 år må du ha fylge av ein vaksen (over 18 år)
- ✓ Sett skoa dine på tilviste hyller i garderoben
- ✓ Kast tyggegummi i søppelet
- ✓ Vask deg utan badeklede og Skyl av deg såpa før du går inn i badstova eller symjehallen
- ✓ Du har høve til å bada i 45 min
- ✓ Personar som har smittsam sjukdom, opne sår eller bandasje kan ikkje bada.
- ✓ Dei badande har sjølve ansvar for kle og ustyr, men badebetjenten kan passa på verdisaker
- ✓ Gå roleg langs kanten på bassenget
- ✓ Unngå farleg leik. Hugs at det som er morosamt for nokon kanskje er for vilt for andre
- ✓ Stuping og hopping er tillate på tilvist plass dersom du har fått løyve av badevakt eller instruktør
- ✓ Rydd alt utstyr på plass etter bruk
- ✓ Det er ikkje lov å nytta alkohol, snus, tobakk eller andre rusmiddel i symjehallane
- ✓ Det er badevakt og instruktør som bestemmer i bassenget, og du må difor retta deg etter tilvising frå dei
- ✓ Ta omsyn til kvarandre slik at badinga vert triveleg for alle og vi unngår at nokon skadar seg
- ✓ Hærverk må erstattast
- ✓ Brot på desse reglane kan føra til bortvising frå bassenget for kortare eller lengre tid

5.2 Ordensreglar for elevane i skuletida

15

- ✓ Sett skoa dine på tilviste hyller i garderoben
- ✓ Bruk innsetemme og snakk hyggeleg til medelevar i garderoben
- ✓ Alle må vaska seg utan badedrakt og skyla av seg såpa
- ✓ Sei i frå til ein vaksen om nokon ikkje har det bra i garderoben
- ✓ Ingen får gå ut i bassenget før det er gjeve klarsignal frå instruktør
- ✓ Det er forbode å springa i symjehallen
- ✓ Det er forbode å dytta andre ut i bassenget
- ✓ Det er forbode å dukka andre under vatn
- ✓ Stuping og hopping skal berre gå føre seg på tilvist plass ved den djupaste delen av bassenget, og berre når instruktøren gjev løyve til det
- ✓ Bruk av dykkarmaske, snorkel og symjeføter er forbode. Instruktør kan gje løyve som ledd i undervisninga
- ✓ Utstyr i symjehallen kan nyttast når instruktøren gjev løyve til det
- ✓ Elevar som ikkje deltek i undervisninga, skal ikkje opphalda seg i kontoret ved sida av eller i garderobane. Instruktøren avgjer kvar dei skal opphalda seg

6 Instruksar

6.1 Rektor

Styringsmynde for bassenga er delegert til rektor og Sektor teknikk og miljø frå Kommunedirektøren.

- ✓ Rektor har personalansvar for alle sine tilsette som er knytt til bassenget
- ✓ Rektor har ansvar for å innhenta politiattest frå nytilsette
- ✓ Rektor har ansvaret for tryggleiken i bassenget, og dermed også å stengja det når tilhøva på noko vis er uforsvarleg
- ✓ Badevakt, hovudinstruktør og andre som er knytt til bassenget skal få andre høvelege arbeidsoppgåver når bassengtimar fell bort. Dette gjeld både før bassengopning om hausten, etter basseng-stenging om våren og dersom timeplanlagde timer av ulike grunnar fell vekk
- ✓ Rektor er ansvarleg for at dei som underviser, leiar eller har tilsyn i bassenget har den nødvendige kompetansen dei treng
- ✓ Rektor lagar plan for bruk av bassenget på dagtid for dei skulane som høyrer til bassenget
- ✓ Sektor teknikk og miljø lagar plan for bruk av bassenget på ettermiddags - og kveldstid
- ✓ Sektor teknikk og miljø har all mynde og ansvar i samband med utleige av bassenget, etter dei retninglinjene som gjeld

6.2 Teknikk og miljø

- ✓ Sektor teknikk og miljø har ansvar for den tekniske drifta og for vasskvaliteten i bassenga
- ✓ Sektor teknikk og miljø lagar plan for bruk av bassenget på ettermiddags - og kveldstid
- ✓ Sektor teknikk og miljø har all mynde og ansvar i samband med utleige av bassenget, etter dei retninglinjene som gjeld

6.3 Hovudinstruktør

17

- ✓ Hovudinstruktør sin overordna er rektor ved skulen.
- ✓ Hovudinstruktør skal kunna: tryggings- og ordensreglar, alarmplan og eigen instruks
- ✓ Hovudinstruktør skal ha årleg livbergingskurs
- ✓ Hovudinstruktør skal minst 1 time pr. veke driva eigentrening i symjing, livberging, bruk av baxtrapbare og hjarte-lungeredning
- ✓ Dersom bassenget har hovudinstruktør, kan han/ho få det pedagogiske ansvaret for symjeopplæringa for 1. - 4. årstrinn. Han/ho skal leia undervisninga i samsvar med læreplanen og prinsippa for VFL, og sørge for at undervisninga blir organisert etter gjeldande tryggleiks- og ordensreglar
- ✓ Hovudinstruktør har ansvaret for å dokumentera den obligatoriske dugleksprøva i Engage

6.4 Instruktør

- ✓ Instruktør har plikt til å kunna tryggings- og ordensreglar, alarminstruks og eigen instruks
- ✓ Instruktør skal ha årleg livbergingskurs
- ✓ Instruktør har det pedagogiske ansvaret for symjeopplæringa i skuletida, dersom det ikkje er hovudinstruktør til stades. Han/ho skal leia undervisninga i samsvar med læreplanen og prinsippa for VFL, og sørge for at undervisninga blir organisert etter gjeldande tryggleiks- og ordensreglar
- ✓ Instruktør skal ha overoppsyn med garderobane før og etter timen, og sjå til at elevane følger ordensreglane
- ✓ Dersom det er fleire instruktørar til stades i bassenget, må dei ulike oppgåvene vere fordelt og klargjort på førehand
- ✓ Instruktørane skal sjå til at elevane vert gjort kjende med ordensreglane i punkt 5.1 og punkt 5.2

6.5 Badevakt

18

- ✓ Badevakta sin overordna er rektor ved skulen
- ✓ Badevakta skal ha godkjent badevaktkurs
- ✓ Badevakta skal kunna: tryggings- og ordensreglar, alarmplan og eigen instruks
- ✓ Badevakta skal ha årleg livbergingskurs
- ✓ Badevakta skal minst 1 time pr. veke驱ra eigentrening i symjing, livberging og alarmplanen
- ✓ Badevakta skal møta i symjehallen ½ time før opning for å kontrollera at utstyr er på plass og sjå til at det fungerer
- ✓ Feil og manglar må straks utbetrast. Dersom feil og manglar ikkje kan utbetrast på staden, skal dette rapporterast til rektor
- ✓ Badevakta skal vera på bassengkanten så lenge det er aktivitet i bassenget. Er badevakta fråverande og det ikkje kan setjast inn kvalifisert vikar, skal bassenget vera stengt
- ✓ Badevakta har ansvar for at bassenget er låst når det ikkje er i bruk
- ✓ Badevakta skal ha tilsyn med aktivitetar over og under vatn, og skal straks gripa inn ved brot på reglane
- ✓ Badevakta kan visa bort personar som bryt tryggings- og ordensreglane frå symjehallen
- ✓ Badevakta skal vera den siste som forlet symjehallen
- ✓ Badevakta skal organisera og leia redninga ved ulukker til kvalifisert helsepersonell kjem til

- ✓ Badebetjenten sin nærmaste overordna er rektor ved den aktuelle skulen
- ✓ Badebetjenten skal ha årleg livbergingsprøve
- ✓ Badebetjenten skal kunna: tryggings- og ordensreglar, alarmplan og eigen instruks
- ✓ Badebetjenten skal stå for sal av billettar og ha tilsyn med gangar, garderobe og badstove
- ✓ Badebetjenten skal passa på at det ikkje er for mange personar i symjebassenget
- ✓ Badebetjenten skal syta for at aldersgrensa for born vert halden
- ✓ Badebetjenten skal hjelpe badevakten i arbeidet når situasjonen krev det. (Eks. Alarmplan ved ulukker)

7 Drift av symjebassenga

7.1 Teknisk drift

- ✓ Ansvaret for den tekniske drifta av det einskilde symjebassenget er lagt til Sektor teknikk og miljø v/Knut Bjørgvik
- ✓ Rett teknisk og hygienisk drift av symjebassenga føreset jamn kontroll og vedlikehald som botnsug og vassprøvar
- ✓ Driftspersonalet må ha jamlege kurs i teknisk/hygienisk drift av symjebasseng
- ✓ Overordna instans for teknisk drift av bassenga er Kommunedirektøren

7.2 Retningsliner for administrasjon av bassenga

20

- ✓ Bassenga er opne i perioden september til mai for offentleg bading
- ✓ For opning på planleggingsdagar og ved kortare opningstid, vil dette bli opplyst ved å gå inn på heimesida til kommunen og ved oppslag ved det enkelte basseng
- ✓ Oppsett over offentleg bading blir annonser i lokalavisene og på kommunen si heimeside
- ✓ Livbergingskursa bør så langt det er råd avviklast før offentleg bading startar om hausten/etter nyttår
- ✓ Billettprisar vert kvart år fastsett av kommunedirektøren. Det skal vere oppslag om prisar i kvart basseng og på kommunen si heimeside

7.3 Ved utleige av bassenga

- ✓ Ansvarleg for utleige av bassenga er Bygg og eideom v/Knut Bjørgvik
- ✓ Ved utleige er leidgetakar ansvarleg for at reglane for symjebassenget blir følgt
- ✓ Leidgetakar må syta for at tilsynet er forsvarleg i høve til risikoen for at skade eller ulukke kan skje
- ✓ Ordensreglar for offentleg bading jf. pkt. 5.2 gjeld òg for utleige og felles tryggingsreglar jf. pkt. 4.4
- ✓ Ved utleige inngår rektor skriftleg avtale med leidgetakar

